



Referat frå møte i det kommunale foreldretvalet for skule og barnehage 20.3.2018.

Desse var til stades:

Tussejuv barnehage:	Marte Kildal
Heddeli barnehage:	Janne Bakken og Kristine Heimdal Kleiv
Flatdal barnehage:	Ane Flatland
Åmotsdal barnehage:	Bjørn Egil Nordgarden
Flatdal skule:	Bente Kasland Groven og John Olav Haugetuft
Seljord barneskule:	Geir Halvor Haugen og Mona Mundal
Seljord ungdomsskule:	Lene Brekke og Jorun Andrea Hegni

Sak 01/18: Budsjett 2018.

Budsjett 2018 er i hovudsak vidareført med driftsnivå i skule og barnehage som i 2017. Kommunen må redusere driftsnivået med om lag 2,5 mill kr i 2018. I økonomiplanperioden er 2019 budsjettet med 6 millionar i underskot. Det er budsjettet med ei "skulepakke" for å ruste opp skulane i 2020, 25 mill.

” 02/18: Fem dagar skule 2018-2019.

Generelt inntrykk er at foreldre meiner at kommunen har gått for raskt fram og at ein burde brukt meir tid for å få eit heilskapleg tilbod skule/sfo på plass før ein tok endeleg stilling til innføring av fem dagar skule. Det er uklart korleis ein vil løyse skyss, innhald på SFO, pris SFO, kulturskule m.m. Kan ein t.d. strekkje i skuledagane med hjelp av "leksehjelptimane" for dei minste, slik at dagen var ferdig kl 13? Da blir det kortare ventetid/reisetid for elevane som skal med skyssen kl 14.

Det er folkemøte på samlingsrommet barneskulen den 4. april kl 18.00. Viktig at ein møter der dersom ein har meiningar ein vil formidle til politisk nivå. Saksframlegg til kommunestyremøtet den 12.4. vil vere klart om lag samstundes og blir lagt ut på heimesida til kommunen. Alle foreldrerepresentantar får ansvar for å formidle at det er møte den 4.4.18. Kommunalsjef ber skule+ bhg orientere på vekeplanar m.m.

Viktig at innspel til saka blir koordinert av SU/FAU ved kvar bhg/skule. Ein kan sende til kommunalsjef, eventuelt direkte til politisk miljø.

” 03/18: Arbeid med kommunedelplan 2018-19.

Blir lagt fram forslag til planprosess i løpet av våren. Vi har allereie starta arbeidet i og med drøftinga/innføringa av fem dagar skule. Blir etablert arbeidsgrupper som skal arbeide med aktuelle tema/område (bhg-skule-kulturskule m.m.).

Det har kome ynskje frå FAU på skulane om felles foreldremøte. Kommunalsjef rår til at slikt møte blir utsett til 2018-19 og at ein organiserer det som ein del av kommunedelplanarbeidet. Da kan ein t.d. ha fleire foreldremøte, bhg-barneskule, ungdomsskule, med aktuelle tema. Send konkrete forslag om dette til k-sjef, så kan k-sjef og ped. konsulent kome med forslag om dato og innhald (som inngår i k-delplanarbeidet). Aktuelle tema er rasisme og foreldre-barn relasjonen.

- ” **04/18: Skuleruta 2017-2018.**
Lagt ut på kommunen sin heimeside, jf. <http://seljord.kommune.no/siste-nytt/180213-skule-og-barnehagerute-18-19>
- ” **05/18: Omorganisering kommune.**
Arbeid med omorganisering av kommunen skal skje i løpet av 2018. Det er eit mål at ein skal redusere talet på avdelingar/avdelingsleiarar. Det blir etablert arbeidsgrupper i april som skal vurdere ulike forslag frå k-sjef. Det kan vere aktuelt med felles leiing av bhg og skule, t.d. ein leiar av skulane og ein leiar av barnehagane.
- KFU ynskjer enkel informasjon om dei ulike alternativa når dei er presentert for arbeidsgruppene. Denne informasjonen vil bli lagt ut på heimesida til kommunen.*
- ” **06/18: IKT i skule og barnehage.**
Mykid i barnehage er kjøpt inn og blir tatt i bruk seinast august. Kanskje tidlegare. Styrarar og ped.leiarar har akkurat fått opplæring. Blir nynorsk målform. Mobilskule er kjøpt inn og blir tatt i bruk seinast august i skulane. Det blir utarbeidd strategisk plan for arbeid med IKT i skule og bhg, i løpet av våren 2018. Skulane og barnehagane skal til Sandefjord 4.4. og utarbeider planforslag 12.4. Blir og tilsett 80% stilling som ikt-ansvarleg i skulen hausten 2018.
- ” **07/18: Andre saker/eventuelt.**
- *Polentur u-skulen. K-sjef ynskjer tilbakemelding frå FAU ved skulen om Polentur. Det vil bli lagt fram ei sak for k-styret i løpet av 2018 der ein vurderer Polentur ift gratisprinsippet i skulen.*
 - *Utvida opningstid bhg. Rådmannen har bedt k-sjef utarbeide saksframlegg i 2018 om utvida opningstid i bhg. K-sjef legg til grunn at utvida opningstid og må gjelde SFO-ordningane. SU og FAU blir bedt om å kome med innspel i løpet av våren.*
 - *Det blei ikkje avtalt dato for nytt møte. Men det blir truleg i september/oktober neste skuleår. Hugs å gjennomføre val av nye representantar i løpet av våren.*

Takk for innsatsen 2017-18!

Med venleg helsing

Ronde Schade
Kommunalsjef